

Reglement for Kvam valstyre

§ 1 Generell instruks

Kvam valstyre (VAL) skal følgja lov og føresegner - og så langt det høver; dei retningsliner for saksbehandling, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsett i Kvam heradsstyre sitt reglement §§ 2, 5, 6 og 7-21 (med unntak av interpellasjonar og §§ 19 og 20).

§ 2 Heimel og ansvar

Etter vallova § 4-1 skal det i kvar kommune vera eit valstyre. Valstyret har ansvaret for å førebu og gjennomføre valet på kommunalt nivå (dvs. stortingsval og kommunestyre- og fylkestingsval).

§ 3 Val

1. Valstyret skal veljast av heradsstyret jamfør vallova § 4-1 og val av representantar til valstyret bør haldast i heradsstyret sitt konstituerande møte.
2. Valstyret er etter kommunelova eit fast utval jamfør kommunelova § 5-7. Det inneber at valbarheitsreglane i kommunelova kapittel 7. gjeld, og at ein må sjå til at krava til kjønnsmessig representasjon i kommunelova er oppfylte. Heradsstyret kan til dømes ikkje velja medlemene av formannskapet som valstyre dersom det fører til at krava i kommunelova til kjønnsmessig samansetjing ikkje vert oppfylte.
3. Valstyret skal ha 5 faste medlemmer og 4 varamedlemmer.
4. Ordførar og varaordførar skal veljast til leiar og nestleiar for valstyret.

§ 4 Møte/ Innkalling/ sakliste

- Valstyret skal ha møte når leiaren finn det naudsynt, eller minst 2 medlemmer krev det.
- Innkalling og utforming av sakliste til møta skal skje i tråd med kommunelova § 11-3, men representantane i valstyret må vera førebudde på hastemøter.
- Det skal førast møteprotokoll i tråd med kommunelova § 11-4. Saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på politikarportalen og innsyn.
- Valstyret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Avgjerder vert tekne med vanleg (simpelt) fleirtal. Ved likt røystetal har leiaren dobbeltrøyst.

§ 5 Arbeidsutval/ myndigheit til å treffa vedtak på vegne av valstyret

1. Valstyret kan opprette eit arbeidsutval med medlemmer som er valt blant medlemmene av valstyret (t.d. ordførar og varaordførar) jamfør kommunelova § 5-7, 3. ledd.
2. Utvalet kan gje leiaren eller arbeidsutvalet myndigheit til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell tyding jamfør kommunelova § 5-7, 4. ledd.

§ 6 Sekretariat

- 1) Politisk sekretariat v/ administrativ rådgjevar har sekretærfunksjonen for valstyret.
- 2) Administrativ rådgjevar fungerer som prosjektleiar for gjennomføringa av val i Kvam herad.
- 3) Dersom administrativ rådgjevar har forfall, er det politisk sekretær som fungerer som sekretær for valstyret.
- 4) Sekretariatet har ansvar for at det vert ført møtebok i tråd med kommunelova § 11-4, 1. ledd.
- 5) Sekretariatet hjelper varaordførar/ møteleiar med å sjå til at prosedyrereglane for gjennomføring av møta vert følgd.